

**Arkiv:**  
**JournalpostID:** 19/70  
**Saksbehandlar:** Tove Mette  
Fyllingen  
**Dato:** 02.05.2019

## Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
006/19	Valstyret Alver	09.05.2019

### Godkjenning av listeframlegg til kommunestyrevalet 2019

#### Vedlegg i saken:

02.05.2019      Lister\_og\_kandidater\_2019      1325480

#### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Fylgjande vallister til kommunestyrevalet 2019 vert godkjent:

- Arbeidarpartiet
- Folkeaksjonen Nei til meir bompenger
- Framstegspartiet
- Høgre
- Kristeleg folkeparti
- Miljøpartiet dei grønne
- Partiet dei kristne
- Raudt
- Senterpartiet
- Sosialistisk venstreparti
- Venstre

Krav om fritak vert stetta, etterfylgjande kandidatar på lista rykkjer opp i uendra rekkjefølgje.

#### Bakgrunn for saken:

Fylgjande listeframlegg er levert innan fristen kl. 12:00 1.april 2019:

Arbeidarpartiet, Folkeaksjonen Nei til meir bompenger, Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg folkeparti, Miljøpartiet dei grønne, Partiet dei kristne, Raudt, Senterpartiet, Sosialistisk venstreparti og Venstre.

Framlegga ligg til ettersyn på Alverkommune.no og i rådhusa i Radøy, Meland og Lindås.

Det er sendt varselbrev til listekandidatane med informasjon om retten til å krevja fritak. Frist er sett til 8.mai 2019.

Vallova er endra etter sist kommunestyreval:

*Vallova § 3-4: Rett til å krevje fritak frå fylkestingsval og kommunestyreval*

*1. Rett til å kreve seg fritatt fra valg til fylkesting og kommunestyre har den som avgir skriftlig*

*erklæring om at vedkommende ikke ønsker å stille til valg på den aktuelle valglisten.*

*2. Erklæring som nevnt i nr. 1 må settes frem innen den frist fylkesvalgstyret eller valgstyret setter, ellers tapes retten til å strykes fra listeforslaget.*

*3. Den som unnlater å kreve seg fritatt fra å stå på liste, kan ikke nekte å motta valg*

Det er no kome inn 5 krav om fritak, krava vert lagt fram i møte då fristen enno ikkje er gått ut.

Det var 3 listekandidatar som ikkje er valbar 9.september 2019. Dette er meld til dei tillitsvalde for listane og opprykk av kandidatar er gjort i samråd med dei.

Dersom det viser seg at ein kandidat ikkje kan veljast, eller at han/ho blir friteken, skal kandidaten strykast av lista. I slike tilfelle avgjer den tillitsvalde for lista om det skal setjast inn ein ny kandidat på den ledige plassen, jf. § 15 i valforskrifta. Alternativt kan lista supplerast med eit nytt namn nedst, slik at dei andre kandidatane rykkjer opp i uendra rekkjefølgje.

Det følgjer av § 15 i valforskrifta at når innleveringsfristen har gått ut, kan forslagsstillarane berre gjere dei endringane på listeforslaget som er nødvendige for å bringe forslaget i samsvar med vallova og forskrifta til denne lova. Sjølv om det ikkje er nødvendig for å bringe listeforslaget i samsvar med lova, kan dei setje inn ein ny kandidat på listeforslaget dersom ein kandidat blir strøken frå listeforslaget fordi vedkomande er utestengd frå val eller blir friteken, jf. valforskrifta § 15. Alternativt kan dei kandidatane som er førte opp etter den tomme plassen, rykkje ein plass opp, medan det blir sett inn eit nytt namn nedst på lista.

Det er ikkje høve til å endre på rekkjefølgja av kandidatane, i form av omrokeringar, etter innleveringsfristen. Det er heller ikkje høve til å gjere endringar i kor mange som skal få røystetillegg ved kommunestyreval.

Det er ikkje eit krav at det blir sett inn eit nytt namn når ein kandidat blir friteken, dersom listeforslaget elles inneheld tilstrekkeleg mange namn til å kunne godkjennast. Den tillitsvalde kan i slike tilfelle gi beskjed om at dei etterfølgjande kandidatane skal rykkje opp, utan at eit nytt namn kjem til.

Vallova set krav til listeframlegga frå partia, dette gjeld m.a.:

- namnet på partiet skal vera det registrerte namnet partiet har
- kandidatane, fornamn, etternamn og fødselsår skal vera med, opplysning om stilling og bustad kan vera med
- listeframlegget skal vera signert av 2 tillitsvalde
- listeframlegget skal ha min.7 kandidatar og max.53 kandidatar
- inntil 6 personar kan få eit personleg stemmetillegg. Dei må stå først på lista med utheva skrift.

Desse krava er fylgde i alle dei 11 listeframlegga.

**Valstyret Alver 09.05.2019:**

**Behandling:**

Saka vert utsett i påvente av at partia vert kontakta vedrørende krav om fritak. Frist for partia er sett til onsdag 15.mai, frist for melding om evt.krav om fritak for nye kandidatar er innan 28.mai.

Saka vert handsama i valstyret 29.mai kl. 0830.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**VA- 006/19 Vedtak:**

Saka vert utsett i påvente av at partia vert kontakta vedrørende krav om fritak. Frist for partia er sett til onsdag 15.mai, frist for melding om evt.krav om fritak for nye kandidatar er innan 28.mai.

Saka vert handsama i valstyret 29.mai kl. 0830.